

Hei - eg viser til brev du har sendt til kommunen dat 9.april, - eg har fått det på mitt bord i dag - med svarfrist innan onsdag.

Eg forstår godt at du er forvirra , for eg har ikkje protestert.

Det som skjedde var at eg hadde eit møte med kommunen om utbyggingsavtalen. Heidi og Atle Utkilen var med på møtet, og det same var fagsjefen for VVS i kommunen. Under eventuelt spurte eg dei kva som var sakshandsaminga og jusen i ei slik sak som du var i gang med, når den skjer i eit regulert felt. Grunnen til dette var at når eg spurde Peder etter nabovarsel då vi var på befaring på tomtten din, så sa han at kommunen hadde opplyst at at dette ikkje var nødvendig, og at det formelle var i orden for denne saka. Dette ville eg høyre meir om når eg hadde dei rette personane framfor meg

Dei lova å undesøkje, og kome tilbake til meg så snart som mulig. Kva eg ville gjort ut frå svaret dei gav meg, ville jo vere avhenging av svaret, og mine eigne vurderingar. Men - eg har ikkje hørt noko frå dei enno, og plutselig så har altså saka eksplodert. Jaja, - forstå det den som kan.

Eg skal naturlegvis svare på brevet kommunen har sendt meg, men sjølve situasjonen som har oppstått føler eg meg ganske så uskuldig i.

Der som kommunene har gjort sakshandsamingsfeil, eller ting her strider mot vanlig jus eller andre bestemmelser. vil eg jo naturlegvis sjå på dette når situasjonen er klarlagt.

Geir

(19.04.2013)